

## Månadsbrev april 2016

Vel overstått påske - anten de har brukt dagane inne eller ute!


**Abeldagen** og **skiaktivitetsdagane med Tonstad skule** var særers vellukka, og **foreldrekonferansane** for 5., 6., 8. og 10. klasse er gjennomførde. **MOT-informatørane** har hatt si siste samling i 10. klasse, med både alvor og skjemt, samt tilbakemeldingar til kvarandre, klassestyrar og MOT. 1.-7. klasse likte *Amazonia*, sjølv om det var litt skummelt innimellom, og 9.-klassingane var vel nøgde etter hospitering **på vidaregåande skule**. Dei som var friske nok til å vera med, koste seg i **alpinbakken** i Ådneram før dei tok påskeferie!

Sidan snøen har halde, har me ein fin **skiaktivitetsdag** i dag, og meir fyldig rapport kjem nok etter kvart. Kanskje får valfagsgruppene gjennomført **overnattingsturen** sin til **Tomannsbu** 7.-8. april... Elles er lyttevenprosjektet godt i gang i 2. og 3. klasse. Kvar elev les for ein person frå Eldrerådet i ti-femten minutt anten torsdagar eller fredagar, og får i alle fall lesa to gonger kvar.



Sinnes skule markerer **verdas bokdag**, som ein del av UNESCO-arbeidet sitt, fredag 22., men sjølv bokdagen er 23. april. Me hadde vona på besøk av Jørn Lier Horst, men det var litt optimistisk, så kanskje til neste år... 1.-3. klasse gjennomfører **foreldrekonferansar** i veke 15, slik at de kan få vita resultatata på kartleggingsprøvar i rekning, lesing og engelsk. Same veka byrjar Fruktpcupen, og klassar på småskulen og mellomtrinnet vil vera med i år òg, i ein firevekers periode.

Siste skuledag i april byrjar **10. klasse** med **årsprøve i skriftlege fag**, dvs. engelsk, medan dei fortset med norsk (hovudmål og sidemål) og matematikk dei første skuledagane i mai. **Hugs** at det er **onsdagsskule** 4. mai, dvs. før langhelg i samband med Kristi himmelfartsdag!



April er den store fråværs månaden for lærarane, anten det er møte, kurs eller reiseverksemd, men det vert de informerte om på dei respektive vekeplanane etter kvart.

Sinnes 29.03.16, *Ase-Berit* (rektor)